Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Finnøy

Emne: Brynet Bygdelag: Finnøy

Oppskr. av: Olav Mjølsnes Gard: Mjølsnes

(adresse): Judaberg G.nr. 21 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle og minne

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
68 år. Bonde og sparebankkasserar. Fødd og oppvaksen på ovannemnde gard, som er gamall ættegard.

SVAR

1. I Finnøy kallar ein brynet Kvass-stein (ein) og bruken av han å Kvaddja. Hein kallar ein her ein Kvass-stein av serleg fin kvalitet.

2. Frå gamalt brukte ein berre naturstein, no båe deler. Naturstein er ikkje i bygda, men vert kjøpt hjå handelsmenn i by og bygd. Kvar han er frå, har eg ikkje høyrt. Ein finn ofte Kvass-steinar i jorda, og somme av desse er av steinart som finst i bygda.

3. Dei fleste reidskap vert fyrst sliple på rund slipestein og „kvadde" etterpå. Barberknivar vert ofte berre kvadde med hein og om dei vert sliple, so på serleg fin stein.

4. Ingen hugsar tynsleljåen, men har høyrt gjete han. Kor lenge sidan kan ikkje segjast. Ljå og sigd vart truleg handsama på same måte. Korleis tynslinga vart utført, har ein ikkje lenger nokko minne eller tydeleg frasegn om. Men den vanlege meining har vore og er, at det var

461

2

med hammar på ambolt, (stedl., smedjestedd.)) og at det vart gjort på garden.

5\. Nar ikkje högrt gjete nokkon liggjande slipestein. Men ein brukar sume tider, når ein vil ha sers fin egg, t. d. barberkniv og stundom også tollekniv, å hå steinen eller heinen liggjande, og då helst i eine handa, og stryka med kniven.
Slipesteinen har ein her i bygda havt ståande heime ved husa og stundom under tak på ein elles open og ljos stad.

6\. Det har vore vanlegt å bruka ljåen ei økt, 3 til 4 timar, millom kvar sliping. Er det sers skiten eller „hardbeidt" grunn, kan ein lota slipa jamnare. Sigden brukar ein gjerne lenger tid med berre kvedjing. Vanlegt ein heil dag og stundom lenger, og ein kvedjer berre ved byrjinga og midt i kvar økt. Men ein gjer det då nokså grundigt.

7\. No i tida brukar ein berre kvass-stein. Men før brukte ein ved sida også stralla, etter steinen. Her på garden er ei stralla alt frå gamalt. Ho er av eikeal, oml. 30 cm. lang, 2,5 cm. breid og 1,25 cm tjukk. I eine enden er liksom eit handtak og so har ho 2 slipeflatar. På eine sida (smalsida) er ein vinkel-bøygd jernstein som ein hengde over

461

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kanten av „skålpen" som ein bar kvass-
steinen i. 

Sidan ein etter kraken å döma, bar heine ved utsida av skålpen, som det var vatn i, må ein ha brukka heine turr.

8. Ein tek ljåen av orvet når ein sliper, og festegreidene er ordna med dette for auga.

I gamle dagar var det dei som heldt egga frå seg og let også steinen gå frå seg. Ein slipte „unda egga". Det skulde gi finare egg.

For ei tid heldt ein egga frå seg, men let steinen gå mot seg. Dette gjer ein endå med knivar og verktøy; men ljåar og sigdar held ein no helst med egga mot seg og let steinen gå frå seg. Ein sliper snarare, og det er mindre fåre for sandkorn i augó, held ein fåre.

9. Langorvetr set ein med spissen av orvet i jorda til høgre av seg, held ljåen med venstre hand over „bakkjen" med tumasfingeren på eine sida og dei andre fingrane på hi, byrjar inne ved „tjatte", stryk med kvass-steinen ein gang på kvar sida av ljåen og flytter seg etter kvart utover til spissen av ljåen. Den venstre hand flytter ein også etter kvart utover ljåen og soleis at denne og orvet sik nedover, medan ljåane

461

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kvedjinga går for seg i same høgde.
Stuttorven set ein ikkje i jorda men held han millom Knerne eller låra idet ein set fôtne i kross.

10. Ein bar Kvass-steinen i ein so-kalla „skålp" som var útholad av heilt tre. Mindre vanlegt var det å segja „Kåtekolk".

11. Har ikkje høyrt gjete at horn har vore brúka til dette.

12. I skålpen var aftast ein krok som ein feste i búkselinninga eller også i búksespenna, rett bak. Stundom brúktes også ei serskild livreim til dette.
I seinare år med mest berre maskinslått, er skålpen so å segja gjengen heilt av bruk.

13. Ein brúkte helst vatn både på natúrstein og kúnststein. Men brúk av olje er ikkje heilt ukjent i visse høve. Og súme brúkar Kvass-steinen turr.

14, 15 og 16. Har ikkje nokon kjennskap til dette som her er nemnt. Men når ein var på slått, og ein vart svart på handa av kvedjinga, sa ein det var svart eller mørk „kåda", og dette var merke på regn i vente.

17. Trúr ikkje å ha høyrt gjete maúrtúva; men ein kvass-stein skúlde verta mjúkare av å liggja i jorda eller i vatn.

461
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

18, 19 og 20. Har ikkje høyrt gjete nokko av det som her er spurt om. Men at kvernane tala, medan ein mol, har vore sagt, og at kvar kvern hadde sitt munnhelde.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
461

Det fyrste brev eg fekk, om berging av høy har eg diverre lagt tilsides på ein måte så eg ikkje finn det att. Um det ikkje er for seint og De vilde senda meg eit nytt, skulde eg prøva svara også på det.

24/4.47

Vyrdsamt
Olav Mjålsnes